



Telefon : 56 35 60 68
Adresse: Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES
Orgnr: 985 868 344 mva

DYRKOLBOTN FJELLSTOVE

Leirskole og gjestehus

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref: 14/7875 – 15/22168

Vikanes, 17.07.2015

DRIFTSBYGNING - TILSVAR TIL KLAGE FRÅ JORUNN DYRKOLBOTN

Gbnr 246/11 vert ikkje berørt av det betinga utsleppsløyvet som er gjeve for driftsbygningen. Gbnr 247/11 ligg eit godt stykke sør for driftsbygningen. Vår plan er å sleppa gråvatn (vaskevatn) ut i bekk nord for bygningen. Kommunen godkjende ikkje direkte utslepp, men krov slamavskillar og sandfiltergrøft før vaskevatnet vert ført til denne resipienten. Frist er sett til 01.08.2015 med å dokumentere meir konkret korleis vi vil oppfylle kommunen sitt reinsekrav.

Ettersom 247/11 ikkje er berørt korkje i søknad eller i betinga utsleppsløyve, så fell alle argument i klagen bort, og klagen kan difor ikkje føre fram. Dette er tilstrekkeleg svar til klagen.

I tillegg kjem at korkje Jorunn eller Jostein eig 247/11 lenger, og difor ikkje er naboar med klagerett. Jorunn sit no urettmessig med grunnboksheimelen til 247/11, og klagarane misbrukar høvet til å forpurre våre utbyggingsplanar. Klagarane påstår at dei ikkje kjenner til kva utsleppsløyvet går ut på, medan dei godt kjenner til byggeløyvet frå same dag. Det er ikkje truverdig. Særleg når dei vert bistått av son som arbeider i byggebransjen, etter eige utsagn. Uansett so har dei no klaga, og klagepunkta bør vurderast sakleg. Men å kreve «reprise» av heile sakshandsaminga, det er kun å påføre meg og fjellstova (og kommunen) plage og skade.

Klagen gjev eit så galt inntrykk av situasjonen at eg kjenner meg nøydd til å imøtegå fleire punkt. «Opplysningane» i klagen kan ikkje bli liggande slik i offentlege arkiv utan at dei vert korrigerte. Nokre av klagepunkta er dessutan relevante for neste byggesøknad som vi arbeider med, - søknaden om personalbustad med næringsdel (resepsjon, matstove, kontor mm)

Ytterlegare imøtegang. Historikk:

Gnr 247/11 er utskilt frå tomta til fjellstova/leirskulen gbnr 247/10, og var tenkt som tomt for vaktmeister og ev. tekniske installasjonar. Jorunn og Jostein arbeidde på leirskulen, Jostein som vaktmeister. Dei fekk eit skøyte på vilkår på gnr 247/11 i 1974, og vilkåret var at dei bygde bustadhus innan 5 år. Tomta vart overført til Jorunn sitt særeige på grunn av den økonomiske risikoen med leirskulen for Jostein, tilsvarende som for dei andre eigarane sin del. Om hus ikkje vart bygd på 247/11, skulle parsellen gå attende til gnr 247/1. Dette står heilt klart i skøytet, sitat:

På eiendommen skal det reises enebolig til bruk for Jostein og Jorunn Dyrkolbotn. Dersom denne boligen ikke er reist innen 5 år regnet fra 1. januar 1974 går eiendommen tilbake til gnr 247 bnr 1 uten vederlag.

Vedlegg 1 – Kopi av skøyte på gnr 247/11 frå februar 1974

Tilbakefall til bnr 1 og ikkje til bnr 10, skuldast at syskena den gong såg leirskulen og garden som ei eining, slik det hadde vore med den gamle fjellstova som brann ned.

Jorunn og Jostein bygde bustaden sin ein annan stad (på 246/14), og 247/11 gjekk då attende til gnr 247/1. Jorunn skreiv under på eit skøyte på 247/11 på 80-talet, til Otto Dyrkolbotn som då eigde 247/1. Slik ho hadde plikt til å gjere, og med vitner. Men skøytet vart ikkje tinglyst avdi det ikkje vart nytta «riktig» type dokumentformular som tinglysinga var streng på den gong. Seinare er dette skøytet frå 80-talet diverre forsvunne. Men tinglysing endrar ikke rettstilhøvet mellom partar, så eignedomen går sjølvstøtt ikkje attende til Jorunn av den grunn.

I 2008 fekk underteikna som eigar av fjellstova skøyte på 247/11 frå bror min Sjur Dyrkolbotn, som då eigde 247/1. Dette avdi fjellstova no hadde utbyggingsplanar som også omfatta 247/11. Jorunn Dyrkolbotn vart beden om å medunderskrive som heimelshavar på s. 3. Ho returnerte skøytet utan underskrift, og skreiv at ho ville utsetja å svare og drøfte med borna sine fyrst.

Frå 2011 vart det liten framgang i byggingsplanane, og ingen puring på heimel. Det skuldast i hovudsak at eg var alvorleg sjuk, og det gjekk 3 år for å finne diagnose og medisinar som virka.

Den 18.06.15 sette Sjur fram skriftleg ulitmatum om heimelsoverføring før 01.07.15, og skreiv at i motsatt fall ville saka bli sendt til rettsleg handsaming. Den 23.06.15 og 29.06.15 svarte Jorunn at ho såg på 247/11 som si tomt. Ho har framleis ikkje skrive under på heimelsoverføring.

Underteikna og Sjur Dyrkolbotn leverte då forliksklage 30.06.2015, for å få retten sin hjelp til å få formell grunnboksheimel. På grunn av ferieavvikling på lensmannskontoret, kan det tenkjast at forliksklagen ikkje er forkynt for Jorunn Dyrkolbotn enno.

Planlagt bruk av 247/11

Gbnr 247/11 er tiltenkt kloakkreinseanlegg for fjellstova, og bruken er innteke i plansamanheng, i kommuneplanen sin arealdel som vart vedteken i 2011. Det skjedde etter mitt/fjellstova sitt ynskje.

Det konkret dagsaktuelle er at vi vil søkje om kloakkreinseanlegg på gnr 247/11 for personalbustad med næringsdel som nemnt ovanfor. Dette vart også nemnt for Jourunn og sonen Bjørn på forhandlingsmøte 29.06.2015. Kloakkanlegg for driftsbygningen vart ikke nemnt.

Når det ein gong må byggast nytt kloakkanlegg for sjølve det gamle leirskulebygget, så er også dette tenkt plassert på 247/11.

No når eg veit at kommunen krev reinsing av vaskevatnet frå driftsbygningen, så tenkjer eg at det kan verta aktuelt å føra også gråvatnet frå driftsbygningen sørover til felles reinseanlegg med personalbustaden, når det ein gong vert bygd. I så fall vert dette søkt om. Og så får klagarane eventuelt protestere då.

Oppsummert så langt:

Jorunn og Jostein eig ikkje noko areal på 247/11 som dei kan makebyte med, slik det står i klagen.

Minneleg løysing?

Men klagarane hadde noko anna å «makebyte» med enn eigande areal, og det var den formelle underskrifta på skøyte på 247/11. Slik at fjellstova v/underteikna kunne få orden på heimelen til 247/11 utan meir tidsspille, bekymringar, rettsak og klager til kommunen. Dei kunne spart oss for tid og plager og pengar. Men ville det ikkje.

Det «usignerte brevet» som klagaren legg ved klaga, er ikkje noko brev, det er tilbodet som vart lagt fram for klagaren i forhandlingsmøte 29.06.2015. Det er eit meget raust tilbod som bror min Sjur gjekk med på, mot å oppnå ryddigheit og fred og «rom» for begge partar. Tilbodet innebar at klagarane sine urettmessige disposisjonar rundt bustadhuset på 246/14, herunder merkestein som «har flytta på seg», skulle lovleggjast med overføring av atskilleg areal til dei, og i tillegg ein tomt. Men dette sa dei neitakk til under møtet. Heilt uforståeleg for meg.

No har vi fått nok, og forliksklage angående gnr 247/11 er sendt. Oppfylging av ulovlege disposisjonar rundt bustadtomten 246/14 antar eg at bror min vil ta seg av når han kjem heim frå utlandet.

Eg forstår no at det hjelper ikkje å gå rundt å vere så hyggeleg ein kan og vente på at «tida leger alle sår». Eg forstår at neste generasjon har konstruert si eiga oppfatning av kva som er rett og riktig, og om kva som har skjedd her i tidlegare tider. Eg beklagar at dei har gjeve dårlege råd som hindra at Jorunn og Jostein Dyrkolbotn fekk orden også i sine saker. Eg legg ved både side 1 og side 2 (kartvedlegget) i tilbodet som vart framsatt 29.06.15. Dette for å vise kor mykje klagarane fekk tilbod om, mot å gjere det som uansett sømer seg: å skrive under på eit skøyte på nytt, tilsvarande det skøytet som forsvann på 80-talet. Og elles prøve å leve i eit konstruktivt naboskap i lag med oss.

Vedlegg 2: Tilbod framsett 29.06.2015

Eg for min del vil no resolutt gjere det som trengst for å komme vidare med planane om nye tilbod til elevar og gjestar på fjellstova. Vi har ikkje meir tid å miste, no vil vi ha vidare utvikling og utbygging av verksemda. Fleire byggesøknader og andre søknader til kommunen vil fylgje.

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn